



Fellesmøte for Hardanger, Voss og Sogn

Referat

Dato: 5. oktober 2021

Stad: Grand Hotel Terminus, Bergen

Deltakarar:

Hardangerrådet	Ordførarar: Roald Aga Haug, Ullensvang, Hans Petter Thorbjørnsen, Ulvik, Aslak Martin Læg Reid, Eidfjord. Rådmenn: Anita Hesthamar, Kvam, Ole-Jørgen Jondahl, Ullensvang, Tore Hopperstad, Ulvik, Geir Underhaug, Eidfjord. Administrasjonen: Jostein Eitrheim, dagleg leiar og Trude L. Rinaldo, konsulent
Sogn regionråd	Ordførarar: Hilmar Høl, Årdal, Trygve Skjerdal, Aurland, Petter Sortland, Høyanger, Ivar Kvalen, Luster, Audun Mo, Lærdal, Arnstein Menes, Sogndal og Roy Egil Stadheim, Vik. Rådmenn/kommunedirektørar: Kjellaug Brekklus, Høyanger, Jarle Skartun, Luster, Gunn Lerøy, Lærdal, Tor-Einar Skinlo, Sogndal, Øistein Søvik, Vik og Stig Stark-Johansen, Årdal
Voss	Hans Erik Ringkjøb, ordførar og Arild M. Steine, rådmann
Andre	Jostein Ljones ? styreleiar Hardangerrådet IKS Joakim Systaddal, kommunalsjef Sogndal Tommy Aarethun, Initiativ Vest Lasse Kolbjørn Anke Hansen, Vestland fylkeskommune og Ingunn Aanes, EY

Velkomen og presentasjonsrunde

Innleiing ved rådsordførarane Roald Aga Haug (vara) og Hilmar Høl

Initiativ Vest - ny tankesmie på Vestlandet: Kva gjer vi? Kvifor er det viktig med samarbeid på Vestlandet? Tommy Aarethun, administrasjons- og kommunikasjonssjef, Initiativ Vest

- Vestlandet kan vera reell motkraft til austlandet grunna naturressursar og folketall
- Få til flytting av makt
- Regionråda kan vera ei sterk politisk kraft framover
- Politikarar bør slå seg til ro med dei strukturane som er no
- Oppmodinga er å ha ei felles stemme – diskutera seg til einigheit og utad å ha ei stemme
- Trøndelag har utvikla kultur for å bli einige
- Danmark – ser på om vi kan lage ein norsk modell
- IV vil produsera notat om viktige saker og løfta tema inn i samfunnsdebatten
- Presentasjonen ligg ved

Korleis vil vi samarbeide? Kva samarbeidsform og selskapsform ønskjer vi?

Rådsordførarane innleia – innspelsrunde frå deltakarane og diskusjon:

- Vi har ein viktig jobb å gjere med å hevde våre interesser
- Vi skal gjera meir enn hevda vår rett, vi skal med å definere politikken

- Samarbeider innan to område i dag: Kompetanse med samarbeidsarena Hardanger-Voss og Sogn der vi snakker med ei stemme til Kompetanseforum Vestland. I tillegg Grøn region vestland. God modell der vi samspele.
- Knytte oss ilag gjennom samarbeid etter lova eller tematisk?
- Fronta felles saker sentralt og regionalt – tematisk samarbeid er ønskeleg og arbeide vidare på tema der vi er einige.
- Halde fram som to råd og fellesmøte to gonger i året.
- Kunnskapsdeling er viktig.
- Utvikla eit meir forpliktande samarbeid enn i dag.
- Kommunar kan ta ansvar og fordele oppgåvene.
- Bør ha Indre Vestland som overbygging i første omgang og på sikt eitt politisk råd når vi er modne for det.

Samarbeidsområde:

- Energi: konsesjonsmidlar (jf Ryfylkefondet), eigeidomsrett, linjekapasitet, og utjamning av nettleige
- Reiseliv: fellesgodefinansiering innanfor reiselivet, inkludert ladeinfrastruktur, besøksavgift og andre problemstillingar knytt til lokal verdiskaping frå reiselivet
- Rassikring: endringar i skredsikringsmodellen vil slå uheldig ut for distrikta

Oppsummering og vegen vidare:

God vilje til samarbeid.

Det vert etablert ei arbeidsgruppe som utarbeider ein plan for oppgåver og finansiering for vidare samarbeid. Arbeidsgruppa består av rådsordførarar, leiarar i rådmannsgruppa og dagleg leiar i dei to råda.

Runde rundt bordet - saker frå kvar kommune.

Ordførarane orienterte om aktuelle saker frå sin kommune.

Grøn Region Vestland - konkurransefortrinn, utviklingsmoglegheiter og prosjekt i Indre Vestland
Prosjektleiar Lasse Kolbjørn Anke Hansen, Vestland fylkeskommune

- Grøn region vestland: sjå barrierer og fellestrekk der vi kan gå styrka ut, kva skal vera dei nye forretningsmoglegheitene, blir tydelege anbefalingar til virkemiddelapparatet og til handlingsprogrammet.
- Prosjektet er viktig fordi globale trender vil påvirke indre Vestland
- Få fram synergieffekter av prosjekta som de har jobba med.
- Ligg stor verdiskaping og mange arbeidsplassar i desse prosjekta.
- Bedriftene seier utdanningane må skje desentralisert. Kva kompetanse blir viktig? Handlar om attraktivitet og byggje enno meir attraktive lokalsamfunn.
- Regionale rapportar og overordna rapport – får eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid.
- Presentasjonen ligg ved.